

Har vi Norges hyggelegaste kassadame eller -mann?

05.03.2020



Både Eirik Skogseth og Vigdis Haugland hadde fortent heidersbeviset. Den tredje solstråla som er nominert var ferdig med arbeidsdagen då bildet vart tatt.

Vekebladet Hjemmet skal no kåra Norges hyggelegaste kassadame eller kassamann. Til no har dei fått inn forslag frå lesarane sine. Heile 7569 forslag kom inn, og dei fordelte seg på 2671 ulike namn. Nokre vart altså på fleire sine forslag. Ikkje uventa var fleire av den særns hyggelege betjeninga hos Spar Uskedalen blant forslaga.

I Hjemmet komande veke er alle dei 2671 forslaga lista opp. Vel 7500 forslagsstillarar viser at det er stort engasjement rundt kåringa. Vigdis Haugland, Kjersti Nilsen og Eirik Skogseth er dei tre Spar-medarbeidarane som er på lista. Konkurransen vert knallhard. No skal det plukkast ut 18 finalistar. Kva kriterie som vert lagt til grunn for utplukkinga står det ingenting om, men dersom det er ein kyndig jury burde alle dei tre hyggelege kandidatane våre hatt særns gode muligheter. Dersom det er eit meir tilfeldig utval, skjønar vi at det kan bli vanskeleg når 2671 kandidatar skal bli til berre 18.

Når dei 18 utvalde kandidatane er presentert, og i tillegg får eit merke der det står at dei er nominert, kan alle frå 13.mars vera med og stemma på sin favoritt. Det skjer via SMS fram til og med 23.mars. Alle kan stemma så mange gonger dei ønskjer. Når resultatet er klart, kan vinnaren venta seg besøk av Hjemmet sin redaktør som vil ha med seg masse premiar og diplom.

Det hadde vore kjekt om nokre av våre tre kandidatar hadde blitt med heilt til innspurten. Uansett er det ei fjør i hatten til både Vigdis, Kjersti og Eirik at kundar set slik pris på dei at dei har blitt føreslått!

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.